



Fitjar vidaregåande skule  
Postboks 44  
5418 FITJAR

Dato: 13.05.2016  
Vår ref.: 2016/1922-9  
Saksbehandlar: marvirk  
Dykkar ref.:

## Investeringsmidlar 2016 - Fitjar vidaregåande skule

Viser til dykkar søknad om investeringsmidlar til lydanlegg, friskluftsaggregat, arbeidsbord, pultar og oppgradering av arbeidsrom. Opplæringsavdelinga har i 2016 eit investeringsbudsjett på 37 mill kr til fordeling. Innmeldt behov frå skulane er på i overkant av 94 mill kr. Dette gjer at ei rekkje tiltak ikkje kan prioriterast i 2016.

Fitjar vgs får innvilga **kr 200 000,- inkl moms** til utstyr.

Skulen prioriterer sjølv innkjøpet i samsvar med søknaden og gjer anskaffing i tråd med HFK sitt innkjøpsreglement og gjeldande rammeavtalar.

Rekningane betalast av Opplæringsavdelinga. Skulen bestiller varer og tenester og tek imot rekeningane for kontroll og sender desse vidare i Basware til Cathrine Øvredal Mellingen.

I kommentarfeltet i Basware skal det leggjast inn ein referanse til dette brevet og visast til prosjektnummer 09520 - Utstyrsmidlar.

Opplæringsavdelinga vil i neste samhandlingsmøte med Eigedomsavdelinga, ta opp om friskluftsaggregatet skal dekkast av Eigedomsavdelinga eller skulen.

**Det er ikkje høve til å overføre midlane til 2017.** Alle rekeningar må derfor betalast i 2016.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Marit Virkesdal  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Cathrine Øvredal Mellingen  
Leif Helge Engelsen